

SPORT

Køyrer FIS-renn:

Gode resultat for Stordalsalpinistane

Fire alpinistar frå Stordal veka køyrde sist veke FIS-renn på Oppdal og i Frankrike.

BB • EDMUND MELKILD

Erika Holand Tøsse har saman med seks andre norske jenter køyrd fleire renn i Tignes, Châtel og Morzine i Frankrike. Ho har konkurrert i to slalåm- og storslalåmrenn, eit super G-renn og ein Super Comb. (Super G og slalåm). Som beste resultat kan Erika vise til 10. plass i super Comb, og 11 plass i slalåm i den sterke konkurransen. I tillegg vart to 19. plassar i høvesvis slalåm og super G. I storslalåm gjekk det litt tråre, med 42. og 43 plass. I fredagens renn vart det ein 38. plass i super G.

Juniørdebut for Ingrid Busengdal

I sin debut som junior i slalåm vart Ingrid Busengdal nr. 12 i storslalåmrennet på Oppdal førre tysdag, ein god prestasjon. Dagen etter vart ein plass opp til nr. 11 i slalåm. Etter utkøyring i storslalåm på torsdag vart eit hakk ned til ein 29. plass i storslalåm i går. Her køyrde Ingrid ein sterk finaleomgang med 8. beste tid. Jørgen Vinje Tøsse har hatt litt stang ut under renna på Oppdal, med tre utkøyringar i storslalåm. Sist onsdag vart det ein 15. plass i den harde konkurransen. Vegard Busengdal kan vise til ein svært sterk 6. plass i slalåm på sist onsdag og ein 13. og 19. plass i storslalåm på torsdag og fredag. I tillegg vart det ei utkøyring i storslalåm.



Ingrid Busengdal, Vegard Busengdal og Jørgen Vinje Tøsse kan vise til gode resultat frå FIS-renna på Oppdal sist veke. (Foto Magne Tøsse)



Vegard Busengdal på veg ned til ein 19. plass i storslalåm sist fredag. (Foto Magne Tøsse)

Topprestasjon av Erika Holand Tøsse i Adelboden!

Under FIS-rennet i slalåm i Adelboden i går ettermiddag kørde Erika Holand Tøsse ned til ein sterk åttande plass. Førre seg på resultatlista hadde junioralpinisten frå Stordal berre mellom-europeiske kørarar som er fleire år eldre enn ho sjølv. Erika låg på 17. plass i første etter første omgang, og hadde tredje beste tid i finaleomgangen. Nest beste norske vart nr. 19.

- **Mitt beste FIS-renn**
- Dette er mitt beste FIS-renn så

langt, og eg er svært fomøgd etter rennet i dag. Slalåm har vore mi beste grein til no, men eg føler det byrjar å lausne i dei andre greinene også. Det tek ei stund å venje seg til nivået som er ein del høgre her enn i renna heime i Noreg, seier ei glad Erika Holand Tøsse til Bygdebladet. I dag er det nye slalåmrenn for Erika i Adelboden.



Erika Holand Tøsse